



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
18.08.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/4358 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på formue og inntekt per 31.juli 2015

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 31.juli d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 2,6 prosent dei første sju månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 4,2 prosent.

Innbetalt skatt per 31.juli d.å. i prosent av budsjett 2015 var 62,6 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 61,6 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 4,1 prosent for kommunane samla i landet. I revidert nasjonalbudsjett er det lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet på 4,6 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

